



I 2007 opna Shetland Museum & Archives i nytt bygg i Lerwick med dronning Sonja til stades. Merk spriseglforma på tårnet på båthallen lengst til høgre. Foto: Bente Foldvik.



Båtbyggjar Hallgeir Forstrønen Bjørnevik demonstrerte halshogging på skotsk lerk som pauseinnslag under St. Magnus-konferansen. Foto: Kjell Magnus Økland.



St. Magnus-konferansen har som mål å vera ein møtestad for personar som arbeider med kultursoga i Nord-Atlanteren, samt knyta nye band til Vesterhavsoyane. På Shetland drøfta 70 fagfolk frå åtte land maritim kulturarv i fortid, notid og framtid.

Atlantisk kultursoge

Av Kjell Magnus Økland

St. Magnus-konferansen vart arrangert av Centre for Nordic Studies, første gang på Orknøyane i 2011. Den andre internasjonale St. Magnus-konferansen gjekk føre seg på Lerwick på Shetland i vår. Over 70 deltakarar frå England, Frankrike, Skottland, Orknøyane, Shetland, Island, USA og Noreg var til stades. Eit hovudtemaa for konferansen var Shetland og Orknøyane sin maritime kulturarv i fortid, notid og framtid. Men også norsk kystkultur blei formidla.

Professor Arne Emil Christensen var ein av tre hovud-

forelesarar. Temaet for hans innlegg var båtbygging i Vest-Noreg og Vesterhavsoyane – tradisjon og innovasjon. Han fortalte om teknisk utvikling av klinkbygde skip og båtar i Norden fram til 1800-talet. Det seglende skipet var ein heilt avgjerande føresetnad for vikingane si busetjing på Vesterhavsoyane kring 800 e. Kr og frametter.

Gjennom fleire hundre år, kan hende heilt frå vikingtida, vart båtar eksporterte over Nordsjøen frå Vestlandet til Vesterhavsoyane. Åleg har skuter frå Vesterhavsoyane vore i vest-

norske fjordar for å laste båtar som mellom anna vart brukte til fiske, transport av folk, varer og dyr. Kontakten med Noreg har også ført med seg at mange omgrep knytt til småbåtar framleis er svært like på både Shetland og i Hordaland. I boka «Oselvar – den levande båten», har underteikna via eit heilt kapittel til båthandelen. Under eit innlegg på konferansen presenterte eg fleire nye og ukjende sider som set mykje av båthandelen i nytt lys. Sjå innlegget på www.kjellmag.no

Halshogging som pauseinnslag

Hallgeir Forstrønen Bjørnevik er båtbyggjar med mange års fartstid frå Oselvarverkstaden og har dei siste fem åra drive eiga verksemd, Bjørnevik Båt. Hausten og vinteren 2013-2014 har han bygd ein oselvareksæring i Båthallen på oppdrag for Hordamuseet. Under dette arbeidet har han hatt Lorentz Andreas Humlevik som lærling. Under St. Magnus-konferansen utførte dei to handverksdemonstrasjonar i samarbeid med båtbyggjaren og PhD-studenten Marc Chivers, som er stipendiat ved Centre for Nordic Studies på Shetland (avdeling av University of the Highlands and the Isles) har byrja å arbeida med avhandlinga The Shetland Boat: History; folklore and Construction. Det vart demonstrert hogging og høvling av ein båthals av skotsk lerk. I lag med handverksdemonstrasjonane vart det sett opp ei miniatstilling med bilete og multimedia som viste båtbygging, og dette fekk stor merksemd frå konferansedeltakarane. Utanfor konferansebygget vart det i tillegg stilt ut ein norsk færing som vart brukt som kulisje til konferansens offisielle fellesfotografi.

Omgrepet kystkultur

Lista over spanande innlegg var lang. Dag Hunstad frå Høgskulen i Agder gav ei innføring i kva omgrepet kystkultur rommar i norsk samanheng både historisk og i dagens bruk av omgrepet. Han hevda at omgrepet kystkultur i stor grad må seiast å vera ei norsk oppfinning, avdi mesteparten av bruken av omgrepet på engelsk på internett stammar frå norske aktørar.

Silke Reeploeg, busett på Shetland og doktorand ved Centre for Nordic Studies, gjorde ei samanlikning av korleis museum i Noreg og på Shetland brukar båten som identitetsskapande objekt i utstillingane sine. For å definera eit lokalsamfunn som sjøfarande, vert gjerne visse objekt framheva. Både materielle og immaterielle sider ved båtbruken vart analysert ved båtsamlingane på Unst og ved Museet Kystens Arv i Sør-Trøndelag. Ved både musea er båten brukt som ramme for både forteljingar og gjenstandar som er med på å definera kva som vert oppfatta som kystkultur.

Norrønfilologen Eldar Heide gav ei orientering om det norrøne omgrepet gandferð og eldre tiders trusoppfatningar om at dette meteorologiske fenomenet varsla ulukker, stormar og torevêr.

Kunsthistorikaren Morten Stige fortalte om Kirkjubørkatedralen på Færøyane. På Kirkjubøur, nokre kilometer frå Torshavn, står ruinane av katedralen som vart påbyrja etter initiativ frå biskop Erlendur kring 1300. På denne tida er ban-

da til Noreg sterke. Dei som har stått for utforming av katedralen har henta inspirasjon både frå tilsvarende steinbygg i Storbritannia og Noreg. Stige konkluderte med at den ufullendte katedralen likevel har eit eige uttrykk og at landa kring Nordsjøen ikkje kan seiast å ha eit felles uttrykk i steinarkitekturen frå høgmellomalderen.

Korleis sjøen er skildra både som avgrensande faktor og som eit høve til å nå andre stader på andre sida av havet, var tema for Sigrid Aksnes Stykkesitt innlegg. Den skandinaviske middelalderballaden er spreidd i fleire land kring Nordsjøen: Noreg, Sverige, Danmark, Færøyane, Island og Shetland. Dei som song balladane, må ha gjort sjøreiser. Ein slik ballade fortel om kong Håkon Håkonsson, som døyr på Kirkwall om vinteren, og korleis liket hans vert segla frå Orknøyane til Bergen for å verta gravlagd der i 1264. Stykket viste òg eit anna døme der den stolte kvinnen Ellensborg lenge er avgrensa av sjøen, men som til sist får balanse og harmoni i livet då ho kan segla av stad til sin hjartes utkåra og trulova.

Årstein Svihus frå Museum Vest/Norges Fiskerimuseum sette fokus på sildefisket som ein historisk fellesfaktor i Nordsjø- og Austersjø-regionen. Havets sòlv har vandra til ulike stader gjennom ulike tider, og rikdommen frå dette fisket har dryssa ut over fleire fiskerisamfunn. Tilsvarende har armod og krise fulgt i kjølvatnet av manglande sildeinnsig. Variasjonane i dette fiskeriet har spela ei viktig rolle i konkunktursvingninga i regionen. Svihus understreka difor at sildefisket må med som ein viktig historisk forklaringsfaktor, sildefisket har skapt handel, møtestader og matkultur.

Shetland er ein spanande plass der Skandinavia møter det britiske, og Nordsjøen møter Atlanterhavet. Innlegga på St. Magnus-konferansen demonstrerte korleis havet bind folk på ulike kantar av desse sjøområda saman. For underteikna gav mi fjerde vitjing på Shetland nye innfallsvinklar, nye vener, faglege kontaktar og ikkje minst ny kunnskap. Det vert garantert ikkje siste turen til naboane i vest. Neste utgåve av St. Magnus-konferansen går føre seg på Orknøyane i 2016.



www.eldjarnbaat.no

Båt	Seil	Rigg
Alt i nordlandsbåter	Lofotjoller	
Seil		
Beslag		
Tauriger		
Tradisjonell utførelse og kvalitet		
Vi selger bokverket Nordlandsbåten og Åfjordsbåten. Hefjet om God Bør.		

Gunnar Eldjarn 91749791 gunnar@eldjarn.no	Arne Terje Sæther 41308644 terje@kasavi.no	Ola Fjell tun 95166573 olafjelltun@gmail.com
----------------------------------------------------------------------------------------	---------------------------------------------------------------------------------------	-----------------------------------------------------------------------------------------------